



**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND 3. SEPTEMBER 2021
KL. 12.00 – 14.00, FITJAR FJORDHOTEL**

Desse deltok:

Morten Storebø	Austevoll kommune
Bjarte Madsen	Austevoll kommune
Sammy Olsen	Bømlo kommune
Kjetil Aga Gjøsæter	Bømlo kommune
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Etne kommune
Harald Rydland	Fitjar kommune
Olaug Haugen	Fitjar kommune
Hans Inge Myrvold	Kvinnherad kommune
Magnus Mjør	Stord kommune
Linn Therese Erve	Sveio kommune
Kåre Martin Kleppe	Tysnes kommune
Steinar Dalland	Tysnes kommune

Forfall:

Bjørn Tollefsen	Etne kommune
Ragnhild Bjerkvik	Kvinnherad kommune
Gaute S. Epland	Stord kommune
Jostein Førre	Sveio kommune

Andre:

Magne Rommetveit

Administrasjonen:

Tora Haslum Myklebust	Samarbeidsrådet for Sunnhordland
Anne Almås Tranøy	Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Før møte var det presentasjon og omvising av Midtfjellet Vindpark, Fitjar.

I tillegg vart det gitt orienteringar om Sunnfast v/dagleg leiar Peder Sjø Slettebø, Sunnfast AS og Ung Sunnhordland v/prosjektleiar Nina Østensjø, Atheno AS.

Då var føre:

Sak 25/21	Godkjenning av referat frå møte i Samarbeidsrådet 11. juni d.å.
Sak 26/21	Regional transportplan 2022 – 2033, uttale
Sak 27/21	Geopark Sunnhordland AS – Stiftingsdokument
Sak 28/21	Geopark Sunnhordland – finansiering frå 2022
Sak 29/21	Støtteerklæring til Sunnhordland museum
Sak 30/21	Støtteuttale frå Samarbeidsrådet til regional ishall på Stord

- Sak 31/21 Skriv og meldingar
- a) Orientering halvtårs rekneskap
 - b) Endring i kommunelova og mogeleg krav til ny organisasjonsform for regionråda.
 - c) Interkommunalt samarbeid rundt utfordringar knytt til demografi
- Sak 32/21 Ymse
- a) Støtteerklæring til Stord lufthamn – flyruta Stord-Oslo må inn som ei statleg FOT-rute
 - b) Støtteerklæring til anskaffing av PCR hurtigttestmaskin ved Stord sjukehus

Sunnhordland, 8. september 2021

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDE FOR SUNNHORDLAND 3. SEPTEMBER 2021
KL. 12.00 - 14.00, FITJAR FJORDHOTEL**

Sak 25/21 Godkjenning av referat frå møte 11. juni d.å

Samrøystes

Sak 26/21 Uttale Regional transportplan 2022 – 2033

I Arbeidsutvalet sitt møte den 20. august, blei det fremma eit ynskje om at Samarbeidsrådet for Sunnhordland skal sende felles uttale, ifm. at Vestland fylkeskommune har Regional transportplan 2022 – 2033 er ute på høyring. Administrasjonen vart bedt om å lage forslag til felles uttale til neste regionrådsmøte den 3. september. Høyringsfrist er 12. september.

Framlegg til uttale vart ettersendt den 2. september.

På møte:

Det vart på møte spelt inn å ta med følgjande tilleggspunkt i uttalen:

- Det må opprusting og godt planverk til for fylkesvegar som må bli nytta som omkøyingsveg for europavegar i beredskapssituasjonar. Til dømes ved stengt Bømlafjordtunnel, er det fylkesveg over Bømlø som vært nytta, og fylkesveg via Skånevik om E134 vert stengt i Stordalen/Etne.
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner Vestland må vera offensive i å leggja til rette for ferjeavløysingsprosjekt, og er usikre på om nyttekriteria som Vestland fylke legg til grunn i tilstrekkeleg grad vektlegg kor avgjerande døgnoopen veg for utvikling av trygge lokalsamfunn inkludert tilgangen på akutt medisinsk hjelp.
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber om at handlingsprogrammet og investeringsprogrammet ved neste revisjon vert sendt på ordinær høyring til kommunane. Ein samferdselskonferanse til våren er ikkje tilstrekkeleg når framlagt handlingsprogram ikkje inneheld prosjektportefølje eller prioritering av denne, for planperioden.
- På fylkesvegar som går gjennom kommunesentrum skal vegmynde og kommunen leggja til rette for tettstadsutvikling.
- Ein avviser forslaget om ei utgreiing om omklassifisering av delar av fylkesvegnettet til kommunale vegar (pkt 4.2 i HP)

Forslag til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland godtek uttale slik den føreligg.

Vedtak:

Styreleiar får fullmakt til å implementera tilleggspunkt som kom i møte i uttalen.

Følgjande uttale vart samrøystes vedteke med tilleggspunkt som kom i møtet:

HØYRINGSFRÅSEGN TIL REGIONAL TRANSPORTPLAN FOR VESTLAND 2022-2033

Framlagt regional plan for transport (RTP) består av eit omfattande kunnskapsgrunnlag, to konkrete strategiar (for mjuketrafikantar og berekraftig mobilitet), eit hovuddokument og ein handlingsplan som førebels ikkje inneheld prosjektportefølje og konkrete tiltak.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS har fylgjande innspel:

Næringsvegar:

RTP må i større grad byggje på og fylgje opp nasjonal transportplan, utviklingsplan for Vestland og regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Dette inneber m.a. at:

- *Vestland fylkeskommune må arbeide aktivt for utbygging av E39 Ådland-Svegatjørn. Fylkeskommunen må ikkje ha lågare ambisjonsnivå enn kva som er lagt til grunn i NTP, som har gitt prioritet til både E39 Ådland-Svegatjørn, E16 Arna – Voss inkl. jernbane og E134.*
- *RTP må fylgje opp kriterium i nasjonal transportplan om å prioritere tiltak som forstørrar dei regionale bu- og arbeidsmarknadsregionane.*
- *RTP må fylgje opp kriterium i nasjonal transportplan om å prioritere tiltak på viktige næringsvegar.*

Planforslaget har ei målsetting om at «Vestland fylkeskommune legg vekt på at liv og helse skal prioriterast fyrst». Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at denne målsettinga må endrast til at RTP skal medverka til å oppfylle dei ulike overordna måla i NTP. Det må ikkje vere tvil om at alle element i den samla samfunnsnytta vert utgreidd på same nivå.

RTP må peike ut strekningar for vidare utgreiing og vurdering som oppfyller desse nemnde viktige kriteria i nasjonal transportplan. Dette må inkludere prosjekta SunnFast og arm frå E134 mot Bergen som det er sett i gang KVVU-arbeid for. Fylkeskommunen må vere aktiv pådrivar i dette KVVU-arbeidet. Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at rett traseval av denne vil kunne oppfylle intensjonane bak Sunnfast-prosjektet som det allereie er utarbeidd ein moglegheitsstudie for, og som vil knyte Kvinnherad til E39. Ikkje minst vil prosjektet forstørre Sunnhordland som bu- og arbeidsmarknadsregion, det vil knyte indre- og ytre del av sørfylket tettare saman og samstundes kople regionen tettare til Bergen. Endeleg vil det kunne utløyse eit verdiskapingspotensiale i det aktive næringslivet i regionen. Samarbeidsrådet for Sunnhordland stør uttalen frå Sunnfast AS til RTP.

Fylkesvegnettet:

- *Det må gjennomførast ei revidering av funksjonsinndelinga av fylkesvegnettet slik at målsettinga i hovudmåla til RTP og avsnitt 4.1.3.5 om viktige vegar for næringslivet blir gjenspegla i vegens funksjonsklasse.*
- *Funksjonsklasse B (regionale hovudvegar) er lågaste funksjonsklasse som skal nyttast på vegstrek som bind saman kommunesenter og regionsenter, og for viktige næringsvegar.*
- *For vegar med funksjonsklasse C (lokale hovudvegar) må det i tillegg til «punktutbetring og strekningsutbetring» leggjast opp til «strekningstiltak».*

- Ferjetilbodet skal utviklast i tråd med transportbehovet til innbyggjarar og næringslivet. Rutetilbodet og sambandets opningstid skal mellom anna vurderast på bakgrunn av årsdøgntrafikk og om det finst alternative omkøyringsmoglegheiter.
- Til kommunar som ikkje har annan omkøyringsmoglegheit skal det minst vere éin nattavgang i dei største fylkesferjesambanda.
- Det må opprusting og godt planverk til for fylkesvegar som må bli nytta som omkøyringsveg for europavegar i beredskapssituasjonar. Til dømes ved stengt Bømlafjordtunnel, er det fylkesveg over Bømlø som vært nytta, og fylkesveg via Skånevik om E134 vert stengt i Stordalen/Etne.
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner Vestland må vera offensive i å leggja til rette for ferjeavløysingsprosjekt, og er usikre på om nyttekriteria som Vestland fylke legg til grunn i tilstrekkeleg grad vektlegg kor avgjerande døgnoopen veg for utvikling av trygge lokalsamfunn inkludert tilgongen på akutt medisinsk hjelp.
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber om at handlingsprogrammet og investeringsprogrammet ved neste revisjon vert sendt på ordinær høyring til kommunane. Ein samferdselskonferanse til våren er ikkje tilstrekkeleg når framlagt handlingsprogram ikkje inneheld prosjektportefølje eller prioritering av denne, for planperioden.
- På fylkesvegar som går gjennom kommunesentrum skal vegmynde og kommunen leggja til rette for tettstadsutvikling.
- Ein avviser forslaget om ei utgreiing om omklassifisering av delar av fylkesvegnettet til kommunale vegar (pkt 4.2 i HP)

Mobilitet og kollektivtransport:

- Lokalbåtrutene skal sikre størst mogleg mobilitet for innbyggjarane i fylket, vere tilpassa transportbehov og vere sikra korrespondanse med anna kollektivtilbod.
- Billettprisar på båtruter skal harmoniserast for å rette opp i prisskilnadene som i dag er mellom dei ulike båtrutene.
- Fylkeskommunen skal utvikle båtruter som turistruter, for å bidra til å utvikle reiselivsnæringa og sørge for fleire betalande reisande på båtsambanda.
- Etablering av nye busslommer og utbetring av eksisterande skal prioriterast og det skal setjast opp busskur på busslommer og båt- og ferjekaiar som skulebarn nyttar seg av.
- Det skal sikrast korrespondanse mellom kollektivtilbod for å oppnå hovudmål i RTP om at det skal vere enkelt å velje klima- og miljøvenleg alternativ.
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland oppmodar Vestland fylkeskommune til arbeide for like takstsoner mellom fylka.
- Når det gjeld Stord Lufthamn så ser Samarbeidsrådet for Sunnhordland at det vil ta tid å opparbeida ein god kabinfaktor på ruta, etter covid-19 og med kortsiktig driftsavtale slik den føreligg pr. i dag. Me ber såleis staten om at flyruta Stord-Oslo på lik linje med flyrutene Stokmarknes-Bodø, Stokmarknes-Tromsø, Ørsta-Volda-Oslo og Florø-Oslo no vert lyst ut som ei FOT-rute for perioden 01. januar 2022 til 31. mars 2024. Ein førespurnad me vonar fylkeskommunen støttar.
- Ein forventar at Vestland fylkeskommune innarbeider strategi og utviklingstiltak for veglause bygder.

På møte:

Administrasjonen la fram forslag til styringsgruppe i møte.

I følgje tidlegare vedtak i Samarbeidsrådet for Sunnhordland (ref. sak 08/21) bør fylkeskommunen vera representert i styre til Geopark Sunnhordland. Det vart i møtet spelt inn at fylkeskommunen sjølv bør få peika på sin representant i styre til Geopark Sunnhordland.

I tillegg kom det forslag om at arbeidsutvalet i Samarbeidsrådet bør få fullmakt til å arbeida fram kandidatar til styre for Geopark Sunnhordland.

Forslag til vedtak:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland bed styre rå til at representantskapet etablerer dotterselskapet Geopark Sunnhordland AS.
2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland bed styre rå til at forslag til stiftingsdokument, vedtekter og aksjeeigarbok vert godkjent.
3. Samarbeidsrådet for Sunnhordland bed styre rå til følgjande 7 representantar vert valt til styre i Geopark Sunnhordland AS:
 - Tbn
 - Tbn
 - Tbn
 - Tbn
 - Tbn
 - Tbn
 - Tbn
4. Samarbeidsrådet for Sunnhordland bed styre rå til at representantskapet gjev fullmakt til at styreleiar i Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek seg av det praktiske i samband med etableringa av Geopark Sunnhordland.

Vedtak:

Følgjande vart samrøystes vedteke:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland bed styre rå til at representantskapet etablerer dotterselskapet Geopark Sunnhordland AS.
2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland bed styre rå til at forslag til stiftingsdokument, vedtekter og aksjeeigarbok vert godkjent.
3. Samarbeidsrådet for Sunnhordland gir arbeidsutvalet fullmakt til å vera valkomité og føreslå styresamansetjing for Geopark Sunnhordland AS.
4. Samarbeidsrådet for Sunnhordland bed styre rå til at representantskapet gjev fullmakt til at styreleiar i Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek seg av det praktiske i samband med etableringa av Geopark Sunnhordland.

Sak 28/21 Geopark Sunnhordland - finansiering

På møte:

Administrasjonen la saka fram til drøfting.

Det kom innspel om at sjølv om det er ulike vedtak i kommunane bør ein arbeida vidare med etablering av Geopark Sunnhordland og finansiering av drift frå 2022.

Det vart i tillegg fremma at Samarbeidsrådet ved seinare høve bør ta ein ny gjennomgang av finansieringsplanen for 2022.

Vedtak:

- Samarbeidsrådet ynskjer å gå vidare med arbeidet utan finansiering frå Etne og Sveio.
- Samarbeidsrådet ynskjer ved seinare høve å ta ein ny gjennomgang av finansieringsplan for 2022.

Sak 29/21 Støtteerklæring til Sunnhordland Museum sine planar om rehabilitering og oppgradering av Sunnhordlandstunet

Framlegg til støtteerklæring:

Sunnhordland museum er regionalt ansvarsmuseum for alle dei 8 kommunane i Sunnhordland (Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes). Museet har ein viktig regional funksjon med å dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling. Museet tek i vare fleire kulturhistoriske tun og bygningar i regionen, m.a. Halsnøy kloster.

Sunnhordland museum sitt administrasjonsbygg ligg sentralt plassert i regionsenteret Leirvik. Bygget rommar utstillings- og publikumsareal, gjenstandsmagasin, museumshall og kontorlokale for 9 tilsette ved museet.

Sunnhordlandstunet har store behov for rehabilitering for å tryggja gjenstandane som museet forvaltar, for å få betre fasilitetar for å ta imot publikum. Slik det framstår i dag, har ikkje Sunnhordlandstunet universell tilrettelegging og stettar heller ikkje forventningane som publikum i dag har til ein kulturinstitusjon. Ei oppgradering på Sunnhordlandstunet vil leggja til rette for at museet kan utvida formidlingstilbodet sitt både til skular og barnehagar, til regionen sine innbyggjarar, og til tilreisande og besøkjande. Dette vil i sin tur medverka til å styrka museet si eigeninntening.

Kommunane i regionen ser på Sunnhordland museum som ein viktig kulturinstitusjon for regionen og meiner at museet har ein viktig funksjon for og i regionsenteret Leirvik. Museet har vidare ein viktig funksjon i heile regionen knytt til innsamling, bevaring og formidling av kulturhistorie, i tillegg til at det tilbyr rådgjeving og kompetanse for private og frivillige innan museumsrelevante problemstillingar. Museet tilbyr eit godt kulturtilbod og med si sentrale plassering er det innanfor akseptabel reisetid for alle innbyggjarane som har Leirvik som sitt regionsenter.

Vidare ser kommunane på Sunnhordland museum som eit viktig tilbod til turistar og tilreisande til regionen og regionsenteret. Kommunane i Sunnhordland vil med dette stille seg bak søknad frå Sunnhordland museum om tilskot til oppgradering og rehabilitering av «Nye sunnhordlandstunet», og vonar at Vestland fylkeskommune vil stetta søknaden.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttar uttalen slik den ligg føre.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 30/21

Støtteuttale frå Samarbeidsrådet til regional ishall på Stord

Framlegg til støtteuttale vart ettersendt til møte 2. september.

Framlegg til støtteuttale:

Kort historikk

Skeisebanen på Vikahaugane er den einaste «Rundskeisebanen» med 250 meters rundar i sitt slag i Noreg. Banen vart bygd for 20 år sidan og har gleda ein heil generasjon sunnhordlendingar med vinteraktivitet, skeiseglede og eit godt og sundt idrettsmiljø med både breidde og topp internasjonale prestasjonar.

Ishallen på Vikahaugane og folkehelsa

I ei tid kor vintrane vert kortare og uteaktivitetane som skeising og ski anten vert flytta innandørs eller må utøvast i «høgareliggjande strøk» vert ein Ishall på Vikahaugane eit unikt og framtidsretta anlegg som heile regionen kan nytta og vera stolte av.

I eit folkehelseperspektiv har skeisebanen på Vikahaugane generert utalege brukstimar for alle aldersgrupper; frå barnehageborn til pensjonistar. Skeisebanen har vore, og skal også vera i framtida, eit lågterskeltilbod kor barnehagar, barne – og ungdomsskular og vidaregåande skular fritt kan nytta anlegget på dagtid. Eit døme på korleis brukaratimar kan gjerast om til samfunnsøkonomisk vinst er Oslo kommune sin prosjektgjennomføringsmodell kor kvar brukartime vert verdsett 200 kr/time. I skeisesesongen 2017 – 2018 var det om lag 30 000 brukstimar på skeisebanen på Vikahaugane.

I siste skeisesesong 2020 – 2021, med oppstart i oktober 2020 og avslutning i mars 2021, kor pandemien avgrensa det meste av fysisk aktivitet, var skeisebanen utan tvil den «plassen» i Sunnhordland som skapte størst aktivitet; frå morgon til kveld kvar dag heile veka.

Ishallen – finansiering og framdrift

Stord kommune og Stord Idrettslag har hatt eit nært og målretta samarbeid i utvikling av prosjektet om realisering av Ishallen på Vikahaugane med Stord kommune som byggherre.

Ishallen er planlagt finansiert med spelemidlar, anleggsbidrag frå Vestland Fylkeskommune, bidrag frå lokalt og regionalt næringsliv, dugnadsinnsats og eigenkapital frå Stord kommune.

Stord kommune godkjende forprosjektet i formannskapet 1. sept. 2021. Stord kommune vil handsama saka i samband med budsjett for 2022 og økonomiplanen for 2022 – 2025. Om alle brikkane fell på plass kan «spaden stikkast i jorda» våren 2022, og Ishallen opnast til innandørs skeisesesong til jul 2022.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at Ishall på Vikahaugane vil vera særskild viktig i utviklinga av heile sunnhordlandsregionen, og eit viktig bidrag til å gjera sunnhordlandskommunane til ein attraktiv stad å bu og arbeide i. Ishallen vil setja Sunnhordland på kartet og vera eit unikt supplement til sportsleg og helsefremjande aktivitet. Samarbeidsrådet for Sunnhordland oppmodar difor Vestland fylkeskommune om å bidra økonomisk til realisering av Ishallen.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 31/21 Skriv og meldingar

- a) Halvtårs rekneskap**
- b) Endring i kommunelova og moglege krav til ny organisasjonsform for regionråda**
- c) Interkommunalt samarbeid rundt utfordringar knytt til demografi**

På møte:

a) Halvtårs rekneskap

Administrasjonen orienterte kort om rekneskapet 1. halvår 2021.

b) Endring i kommunelova og moglege krav til ny organisasjonsform for regionråda

Administrasjonen orienterte kort om at Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) fredag 20.8.2021 offentliggjorde ein tolkningsuttale som kan vere avgjerande for kva organisasjonsform regionråda kan nytta. Administrasjonen arbeider vidare med kva betydning dette vil ha for Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS.

c) Interkommunalt samarbeid rundt utfordringar knytt til demografi

Denne saka blei spelt inn til arbeidsutvalet av Kvinnherad kommune den 20. august. Med bakgrunn i Viktor Normann utvalet si utredning knytt til demografi, samt Ungdommens distriktspanel som peikar ut 10 råd til Erna knytt til utfordringar knytt til demografi, så ynskjer Kvinnherad eit interkommunalt samarbeid rundt problemstillingar knytt til demografi.

Administrasjonen orienterte om at arbeidsutvalet 20. august d.å. konkluderte med at dette er det mandatet regionrådet sitt prosjekt Bu i Sunnhordland allereie har som hovudoppgåve å løyse, og at ein bør sjå på korleis ein ytterlegare kan styrke det prosjektet.

Administrasjonen orienterte kort om status i prosjekt Bu i Sunnhordland.

a) Støtteerklæring til Stord lufthamn – flyruta Stord-Oslo må inn som ei statleg FOT-rute

Stord kommune sette fram forslag til støtteerklæring til Stord Lufthamn.

Framlegg til støtteerklæring:

Støtteerklæring til Stord lufthamn - Flyruta Stord-Oslo må inn som ei statleg FOT-rute

Flyselskapet Danish Air Transport (DAT) har dei siste 11 åra, fram til Covid 19 traff oss i mars 2020, flydd flyruta Stord-Oslo for eigen økonomisk risiko. Denne ruta er såleis ei av få ruter på det regionale kortbanenettet i Noreg som under normale tilhøve er levedyktig og vert driven utan statleg flykjøp.

Grunna Covid-19 har Stord lufthamn i perioden 17. mars til 09. august 2020 samt i perioden 22. januar til 11. april 2021 vore utan flyrute til Oslo.

Etter sterkt press frå lufthamnselskapet, kommune og fylke samt lokale stortingspolitikarar lukkast ein med å få ein samrøystes Transport- og Kommunikasjonskomité på Stortinget til å vedta at flyruta Stord-Oslo skulle inkluderas i statens flyrutekjøp. Samf.dep. lyste 01. mars 2021 ut eit anbod på midlertidig drift av flyruta Stord-Oslo gjeldande for ein månad med opsjon på ytterlegare 2 månadar. DAT og Widerøe leverte inn anbod. DAT vann anbudet og starta opp flygingar på Osloruta 12. april 2021. Samf.dep. iverksette seinare opsjonane for flyging i mai og juni. Passasjerane fekk såleis fyrst kort tid før avreise vita om det var eit reelt flytilbod til Oslo over Stord lufthamn.

Gjennom pressemelding frå Samf.dep. datert 28. mai 2021 vart lufthamnselskapet gjort kjent med at staten ikkje ville forlenga flyrutekjøpet etter 30. juni 2021 grunna låg kabinfaktor. Det viste seg i ettertid at kabinfaktoren som Samf.dep. fatta sitt vedtak på, var frå dei fyrste vekene like etter oppstarten av ruta. Kabinfaktoren for dei seinaste vekene hadde ei langt meir positiv utvikling. Lufthamnselskapet vart svært overraska over denne beslutninga og at selskapet ikkje vart kontakta før beslutninga vert teken. Stord lufthamn og Osloruta har stor betydning for konkurransevna til industrien og næringslivet elles i Sunnhordlandsregionen. Lufthamna er viktig for sikkerhet og beredskap samt for næringsliv, fastbuande og reiselivet.

Lufthamnselskapet måtte såleis igjen kontakta lokale stortingspolitikarar og Transport- og Kommunikasjonskomiteen på Stortinget. Komiteen vedtok nok ein gong samrøystes at flyruta Stord-Oslo skulle inngå i statens flyrutekjøp. DAT var einaste tilbydar og vann anbudet. Anbudet på ruta vart fyrst gjort gjeldande frå og med 14. juli 2021 og ut september månad. For lufthamnselskapet betydde dette at ein var utan Oslorute i 2 veker i sommar.

Det er vanskeleg å opparbeida ein god kabinfaktor på ruta når passasjerane fyrst like før avreise får stadfesta at det er eit reelt flytilbod til Oslo over Stord lufthamn.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber om at flyruta Stord-Oslo på lik linje med flyrutene Stokmarknes-Bodø, Stokmarknes-Tromsø, Ørsta-Volda-Oslo og Florø-

Oslo no vert lyst ut som ei FOT-rute for perioden 01. januar 2022 til 31. mars 2024.

Uttalen er endre ut i frå innspela som kom i møte.

Vedtak:

Samrøystes

b) PCR hurtigtestmaskin Støtteerklæring til anskaffing av PCR hurtigtestmaskin ved Stord sjukehus

På møte:

Bømlo kommune ba om medhald frå Samarbeidsrådet til ein støtteerklæring til anskaffing av PCR hurtigtestmaskin ved Stord sjukehus.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland gav Bømlo kommune fullmakt til å utforme støtteerklæringa.

Forslag til støtteerklæring:

Sunnhordland har under heile pandemien og handteringa av denne måtte teste og sende testane til Haukeland for analyse. Dette har ført til at dei som er blitt testa må halde seg i karantene lenge. Kommunane har pådratt seg store transportkostnadar og press på analysekapasiteten ved Haukeland sjukehus har auka.

Samarbeidsrådet er gjort kjent med at Stord sjukehus vurderer å gå til anskaffelse av ein PCR hurtigsvarmaskin. Ein slik maskin vil etter det som er opplyst kunne gje testsvar innan 45 minutt. Haugesund sjukehus har ein slik maskin, noko som reduserer vegen til analyse og analysetida vesentleg for dei kommunane som har kort veg til sjukehuset.

Samarbeidsrådet støttar arbeidet med å få ein slik maskin til Stord sjukehus. Me pårekna at pandemien og strategien med testing for å redusere smitte vil gå føre seg lenge. Dette må til for at nasjonale tiltak no vert mjuka opp. Kortare veg og analysetid vil vere til stor hjelp for kommunane i Sunnhordland, og vil redusere risikoen for at større smitteutbrot vil påverke tenestene det offentlege skal levere. Det vert også vurdert som ein stor fordel for sjukehuset og regionen at ein slik maskin også kan nyttast til analyse av andre virustypar enn covid.

Vedtak:

Samrøystes